




VINDAFJORDBRUKET



MELDINGSBLAD FOR LANDBRUKSNÆRINGA I VINDAFJORD

Nr. 1

februar/mars

2022


INNSAMLING AV LANDBRUKSPLAST

Gangstø kjem og samler inn plast i april. Nærare dato blir annonser i Grannar. **Levering må skje tett opp til annonser dato, slik at ein unngår plast på avvegar.** Det er viktig at plasten er rein for jord, streng, stein, netting og liknande.

STRAUMSTØNADSORDNINGA

For å få straumstønad som næringsdrivande bonde, må du oppfylle vilkåra for å ta imot produksjonstilskot, og registrere målepunkt-ID som er knytt til jordbruksproduksjonen. På [Landbruksdirektoratet](#) sine sider, finn du meir informasjon om ordninga, og der kan du også registrere deg for å ta imot stønad.

Siste frist for å søkje om stønad til straum er 15. mai 2022.



GJERDEKLYVERAR / HUNDEPORTAR

Nå er tida for å gjere klar til ny tursesong. Treng du nye gjereklyverar eller er det på tide å skifte ut gamle? Me har også

hundeportar på lager. Skjema finn du på kommunen si [heimeside](#), eller du kan ta kontakt direkte med Sissel Lilleland tlf. 53 65 61 30.

PRODUKSJONSTILSKOT - «EI KU MÅ HA KALVA»

Eit av tema for kontrollane i 2021 i samband med tilskotet har vore vilkår for tilskot til mjølkekyr / ammekyr og kalvingsintervall. Som eit resultat av jordbruksforhandlingane frå 2017, går det fram at kyr må ha kalva i løpet av dei siste 15 månader før teljedato for å kunne rekna som mjølkekju / ammeku ved søknad om tilskot. Eit unnatak er bevaringsverdige kyr, der vilkåret er 18 månaders kalvingsintervall.

- **Ei ku som har kasta** vert ikkje rekna som kalva og stettar ikkje vilkår for å søkje tilskot
- **Ved daudfødsel** må dokumentasjon for at kalven er levert til destruksjon eller liknande føreliggje

Ei ku med daudfødsel vert ikkje registrert i Husdyrregisteret som kalva innan 15 månader.

Resultatet av kontrollen viser at det er mange som ikkje er bevisst på dette vilkåret, så det kan svare seg å ta ein grundig gjennomgang av kalvingslistene og oppdatere opplysningar i god tid før teljedato 01.03 og 01.10., slik at ein unngår feilføring i søknaden.

KONTROLL AV GJØDSLINGSPLAN / SPREIEJOURNAL

Eit anna tema for kontroll har vore gjødslingsplan og spreiejournal. Av miljøomsyn er dette eit tema som også

framover vil ha stort fokus. Resultatet etter kontroll er positivt, og viser at dei aller fleste har ein årlig gjødslingsplan / spreiejournal, og gode avtalar med Norsk Landbruksrådgjeving for jordprøvetaking og berekning av gjødselmengd. Det er likevel bonden sitt ansvar å justere den årlege planen ut frå tal dyr og spreieareal, og ha god dokumentasjon på dette i det aktuelle søknadsåret.

PRODUKSJONSTILSKOT DEL 1 **- HUGS SØKNADSFRIST 15. MARS**

Teljedatoen er 1. mars, og frå den dagen er det mogleg å legge inn søknaden. Når du har sendt inn søknaden, er **det viktig at du hugsar å siekke kvitteringa di i Altinn**, ta alltid kontakt dersom du er i tvil om noko.

GARDSKART – GODKJENNING OG ENDRING AV AREAL

Arealtala i gardskartet er grunnlag for utbetaling av areal- og kulturlandskapstilskot. Tala blir også brukt ved behandling av jordlovsaker. Ved sal av landbrukseigedommar vil arealtala i gardskart vere ein del av grunnlaget i fastsetjing av takst.

Det er difor lurt å sjekke at gardskartet er rett til ei kvar tid. Ta kontakt dersom registrert jordbruksareal i gardskart ikkje stemmer.

Nokre endringar, som små justeringar, kan kommunen justere utifrå flyfoto. Større endringar og godkjenning av nytt innmarksbeite krev synfaring.

Godkjenning av innmarksbeite

Innmarksbeite er jordbruksareal som kan nyttast til beite, men som ikkje kan haustast maskinelt. Arealet skal ha grasrik vegetasjon med minst 50 rosent kulturgras og beitetånde urter. Det skal være rydda for kratt og hogstavfall, slik at arealet er godt tilgjengeleg for beitedyr. Innmarksbeite skal ha eit tydeleg kulturpreg. Alt innmarksbeiteareal skal godkjennast av kommunen og registrerast i gardskart før det gir grunnlag for areatilskot.

Frist for å avtale synfaring for godkjenning av areal i AR5 er 10. august. Ta kontakt med Anne Karin Langeland tlf: 53 65 61 38

SPREIEAREAL

Me minner om Forskrift om gjødselvarer

av organisk opphav § 24 – krav til spreieareal, der det står at husdyrgjødsel berre spreiest på godkjent spreieareal. Fulldyrka og overflatedyrka jord er automatisk godkjent spreieareal. For å kunne spreie på innmarksbeite må arealet vere godkjent som spreieareal. Utmarksareal kan ikkje godkjennast som spreieareal.,

Innmarksbeite som spreieareal

Dersom du ynskjer å nytta husdyrgjødsla på innmarksbeite, må dette søkjast om til kommunen.

Send inn søknadsskjema; «Søknad om godkjenning av beite som spreieareal» som du finn på kommunen si heimeside. <https://www.vindafjord.kommune.no/natur-og-landbruk/jordbruk-og-husdyr/husdyrgjødsel-og-spreieareal/>

Ta kontakt, så avtalar me ei synfaring til våren, der me vurderer areal og beitepraksis mm, og finn ut om arealet kan godkjennast som spreieareal.

Etter at kommunen har godkjent innmarksbeitet som spreieareal vil du få tilsendt vedtak og kart over godkjent areal. **Det godkjente spreiearealet skal takast med i berekninga av gjødselplan.**

Alt godkjent spreieareal er digitalisert og tilgjengeleg på www.temakart-rogaland.no/spreieareal

Ta kontakt med Anne Karin Langeland tlf: 53 65 61 38 for å avtale synfaring.

Nyttige tips ved den årlege gjennomgangen av spreiearealet.

Det finnes gode hjelpemiddel digitalt for å få god oversikt over kor mykje spreieareal dykk treng og kor mykje spreieareal dykk har tilgjengeleg.

Sjå info om Husdyrgjødsel og spreieareal på heimesida vår:

<https://www.vindafjord.kommune.no/natur-og-landbruk/jordbruk-og-husdyr/husdyrgjødsel-og-spreieareal/> Her finn dykk nyttelege linkar til blant anna spreiearealskjema(GDE-kalkulator), Temakart-Rogaland(oversikt over godkjent spreieareal i innmarksbeite), info og søknadsskjema om innmarksbeite som spreieareal og forslag til avtale om leige av spreieareal.

Begynn med gardskart

<https://gardskart.nibio.no/search> for å få ei oversikt over alt areal som du disponerer. Sjekk om fulldyrka areal, overflatedyrka og

innmarksbeite i gardskart er rett i forhold til dagens situasjon. Sett på flybilde som bakgrunn, så er det enklare å sjå om registrert jordbruksareal er rett. Her er det enkelt å få oversikt over fulldyrka og overflatedyrka areal som du nyttar som spreieareal. Ta kontakt dersom du meiner at jordbruksarealet i gardskart over dine disponerte eigedommar kan vere feil.

For å nytte innmarksbeite som spreieareal må dette vere godkjent som spreieareal. Dette skal søkjast om til kommunen, sjå meir info om dette på heimesida vår.



Gå deretter på <https://www.temakart-rogaland.no/spreieareal> dersom du har innmarksbeite som er godkjent som spreieareal. Dette er ei kartløysing som skal gi god oversikt over kor mykje innmarksbeite som er godkjent som spreieareal for kvar landbrukseigedom.

Kommunen har teikna inn alt godkjent spreieareal i innmarksbeite, slik at kartet viser kva område som kan spreiest med husdyrgjødsel. I felt som er godkjent som spreieareal står gnr.bnر. – felt nr. - godkjent omrekna spreieareal. Det finst også ein tabell der det kjem fram godkjent omrekna på kvart enkelt felt og pr. landbrukseigedom.

Godkjent innmarksbeite som spreieareal kan endre seg med tida utifrå oppdateringar i gardskart. Det er difor lurt å sjekke spreiearealkartet årleg. Det er mange kartlag i temakart, det kan difor vere litt vanskelig å finne fram. På kommunen si heimeside kan du finne ei forklaring steg for steg om korleis du finn fram til godkjent spreieareal på innmarksbeite i Temakart-Rogaland.

No har dykk god oversikt over kor mykje spreieareal som er tilgjengelig, hugs også eventuelle avtalar om spreieareal som du leiger eller leiger vekk.

For å finne ut kor mykje spreieareal dykk treng kan dykk nytte omsøkte tal i PT, dei to siste søknadsomgangane.

Du kan også tenke gjennom om nokre av dyra beiter på innmarksbeite som ikkje er registrert som spreieareal. Tal dyr og tal veker med beiting på innmarksbeite som ikkje er godkjent som spreieareal kan tas

med i skjema for berekninga av spreieareal.

Dykk har no eit godt grunnlag til tal som kan leggjast rett inn i GDE-kalkulatoren/spreiearealskjema, som er tilgjengelig på heimesida vår.

GDE-kalkulatoren er eit hjelpemiddel for å berekne tal gjødseldydreiningar og krav til spreieareal etter forskrift om organisk gjødsel. Statsforvaltaren i Rogaland har oppdatert kalkulatoren i 2022, den er også å finne her:

<https://www.statsforvalteren.no/nb/Rogaland/Landbruk-og-mat/Husdyr/spreiearealkalkulator-er-oppdatert/>

Kalkulatoren har 3 sider, på fyrste side
står det forklart korleis kalkulatoren skal
nyttast.

På side 2 legg dykk inn arealopplysingar. Gnr/bnr, disponert areal frå gardskart og eventuelt godkjent omrekna spreieareal i innmarksbeite frå temakart.

Her skal dykk også legge inn leigd spreieareal eller spreieareal som du leiger vekk.

Tips: Ved å trykke i cellene i kollonna for eigarforhold, kjem det opp ei pil der dykk kan velje eigarforhold; Egen jord, Leid jord, leid spr.areas og uteid spr.areas.

På side 3 legg dykk inn dyretal pr
1.oktober og pr. 1 mars. samt tal dyr og tal
veker med beiting på innmarksbeite som
ikke er godkjent som spreieareal.

Dykk får no opp ei oppsummering med tal daa totalt spreieareal og areal behov. Det kjem også fram kor mange daa ledig spreieareal dykk har eller kor mange daa spreieareal dykk manglar.

Spreieareal-kalkulatoren er oppdatert

GDE-kalkulator		Arealetopplysninger	
Arealopplysninger: oversikt spredarealet.		Kun hvilte felt er åpne for innlegging av data.	
Komune, gårds- og bruknummer må legges inn fra med all areal.			
Egen gård	Tall for selskap om produksjonsstiskudd!		
Leid jord	Tall for selskap om produksjonsstiskudd. Sukk godkjent spredareal!		
Leid spredareal (levert husdyrgodset)	Arealtall fra spredarealet du har mottatt fra husdyrgodset fra din gårds. Arbeaten må kunne dokumenteres.		
Utleid spredareal (mottatt husdyrgodset)	Husdyrgodset fra din gårds inngår i utleiers gjeildingsplan.		
Arealtall fra staten om utleie av spredarealet og der du mottar husdyrgodset til andre. Arbeaten må kunne dokumenteres.			
Kontroller at et areal der husdyrgodset spredes på er godkjent spredareal på din gårds.			
Husdyrgodset til mottatt inngår i din årlege gjeildingsplan.			
GDE-kalkulator		Kun hvilte felt er åpne for innlegging av data.	
Effektivt omregna spredarealet på godkjent bette hentes fra kommunens vedtekts.			
Dyretall	Aller før i sakset om produksjonsstiskudd og oversikt fra mottakere av stiskatyr legges inn.		
Avlspurke NAV	Korrigerte bæringssoner etter ansiktsgjeldsmengde produsert i NAV-et.		
Avlspurke satellitt	Korrigerte bæringssoner etter ansiktsgjeldsmengde som er produsert i satellitten (inkl smågris).		
Engangspriser	Korrigerte bæringssoner ut fra realistiske forhold.		
Redusjon belteprislast	Antall dyr og varer på innmarksebbet steget godset spredarealet og i utlant. Beltelegget er god dokumentasjon ved kontroll.		
Levert/ mottatt godset	Kun bæring for godset fra fjær og pelsdyr. Pelsdyr innhold av vann kan senne husdyrgodset til mottakeren. Brukes i et stedet.		
Spredarealet	Tallene kommer fra regnearket "Arealetopplysninger".		

NYE ARVELOVA OG LANDBRUKS-EIGEDOMAR I DØDBU

Fra 01.01.2022 trådde den nye arvelova i kraft (§99a). Dette inneber at det er ein frist for å overføra landbrukseigedomar (eigedomar med minst fem dekar jordbruksareal eller minst 25 dekar produktiv skog) fra dødsbu til ein ny eigar innan tre år. Den nye lova skal hindre at landbrukseigedomar blir verande i eit dødsbu over lang tid. Som mellom anna har kunne føre til at ingen var ansvarleg for å overhalda bu og driveplikta.

Kommunen får no melding frå tingretten når det inngår ein landbrukseigedom i dødsbu og kven som er arvingane. Arvingane vil deretter få eit varsel frå kommunen med ein frist for å overføra dødsbuet. Der personen som eigde landbrukseigedomen er avdød før 01.01.2022 reknast fristen på tre år frå lova trådde i kraft. Dersom landbrukseigedomen ikkje skulle bli overført til nye eigarar innan fristen kan kommunen krevje tvangssal av eigedomen.



KARTLEGGING AV NATURTURTYPAR I ØLEN/SANDEID 2021

Grunneigarar i området mellom E134, Sandeidvegen og Apeland fekk våren 2021 varsel om kartlegging av naturtypar i området, i regi av Miljødirektoratet. Kartlegginga vart gjennomført etter systemet Natur i Norge.

Føremålet med kartlegginga er å auke kunnskapen om norsk natur.

Informasjonen er viktig som grunnlag ved arealplanlegging. Kartlegginga kan også vere nyttig for grunneigarar som ynskjer å søkje om tilskot til tiltak for trua natur og kulturlandskapet.

Resultatet frå kartlegginga er nå tilgjengeleg på kart: <https://kart.naturbase.no/> eller på <https://www.temakart-rogaland.no/>. Velg temalag Natur og Naturtyper - NiN.

FELLINGSRESULTAT – jakta 2021:

Kommunen har som mål å redusere hjortebestanden. Kommunen reduserte minstearealet for hjort i 2019 til 500 dekar. Kommunen vektlegg overvekt av hodyr i uttaket og høgt uttak av kalv.

Våren 2019 vart det tildelt 1038 fellingsløyve for hjort til jakta 2019. Av desse vart det felt 865 hjort (83,3%). I 2020 vart det tildelt 1133 løyve og felt 960 hjort (84,7%). 55% av dei felte dyra var hodyr. I 2021 tildelte kommunen 1176 løyve for hjort. Av desse vart det felt 1052 hjort (89,5%). 53% av dei felte dyra var hodyr.

Tal felte dyr i 2018 var 726, og 681 i 2017.

Det vart felt 105 rådyr i 2021, mot 125 i 2020, 114 i 2019, 111 i 2018, 128 i 2017 og 141 i 2016. Det meste som er felt av rådyr i Vindafjord er 187 dyr i 2009.

SØKNADSFRISTAR jakta 2022 :

Søknad om endring av vald, fråvik frå minstearealet, godkjenning av nye vald og bestandsplanområde, godkjenning av bestandsplanar: **1. mai**

VÅTELJING 2022

Våteljing av hjort på innmark har vore gjennomført sidan 1999. Det vert tald hjort langs faste ruter som er like frå år til år, på 6 bestemte datoar og til bestemt tid på døgeret. Våteljinga gir eit bilet på den relative bestandsstorleiken om våren og kan seie noko om bestandsutviklinga over tid. Teljedatoane for 2022 blir annonser i Grannar. Kommunen takkar alle som bidrar med tida si til dette!

REVEJAKT 2021

Frå lokallaga av Sau og Geit har kommunen fått melding om til saman 127 felte revar i 2021. Åra før vart det felt 127 revar i 2020, 123 i 2019, 107 i 2018, 102 i 2017 og 63 i 2016. Jakttida for rev er 15.07.- 15.04.

SKADEFELLING PÅ RAUDREV

År om anna har kommunen mottatt søknadar om skadefelling av raudrev utanom ordinær jakttid. Med viltforskrifta

av 2020 krev skadefelling av raudrev ikkje lenger løvye frå kommunen.

Det er skadelidte sjølv som kan ta den avgjerda (jf. § 3-4).

Felling kan likevel berre utførast om vilkåra i § 3-3 er oppfylt:

- a. Skaden er eller kan bli av vesentlig økonomisk betydning
- b. Skadeforebyggende tiltak er i rimelig utstrekning forsøkt, vurdert ut fra hvilke verdier som skal beskyttes og kostnadene ved alternative tiltak.
- c. Uttaket rettes mot skadegjørende individ.
- d. Uttaket er egnet til å stanse eller vesentlig begrense skadesituasjonen.
- e. Uttaket ikke truer bestandens overlevelse.

Merk at alt vilt felt etter § 3-4 skal **rapporterast av den skadelidte til kommunen** så snart som råd, med opplysning om tal individ, art og kva skade som var grunnlag for uttaket.

AKTIVITET I SKOGBRUKET 2021

I 2021 er det innmeldt i virkesdatabasen (VSOP) avverking av 17195m³ sagtømmer og massevirke til ein verdi av kr. 7,07 mill.. Dette var 500m³ lågare volum, men kr. 1,07 mill. høgare verdi enn i 2020. Av dette var 14912m³ (86,7%) gran, 2198m³ (12,8%) furu og 85m³ (0,5%) lauv. Det vart og innmeldt 711m³ vedvirke/energivirke til flis og sal av 5277 juletre.

Trass i problem med arbeidskraft til skogplanting i landet denne sommaren, vart det likevel planta 330 dekar etter hogst i Vindfjord. I tillegg vart det supplert på 97 dekar. Det vart utført ungskogpleie på 124 dekar.

SKOGPLANTING 2022

Det vert stadig meir vanleg at plantearbeidet vert utført av profesjonelle aktørar, som tar seg av både plantebestilling og plantearbeidet. Ofte vert avtale om planting inngått i samband med avtalen om hogst.

Dersom du har hatt bartrehogst **vinteren 2021 eller før**, og ikkje har gjort avtale om planting, må du vere snar til å bestille. Ta kontakt med entreprenør eller kommunen så snart som råd. Dersom du tenker å plante sjølv, ta gjerne kontakt med kommunen om val av proveniens. Vi har og noko planteutstyr til utlån.

Hugs at hogstflaten må vere sett i ny produksjon innan 3 år etter hogst.

UNGSKOGPLEIE

Når ny forynging er etablert på ei hogstflate, er det viktig å halde kontroll på konkurrerande vegetasjon. Planter som vert ståande for lenge under lauvkrott eller annan vegetasjon, vil begynne å sture, ev. få skadar på toppskot/greiner eller i verste fall døy. **Produksjonstapet i den tida dei står undertrykte vil aldri takast igjen og tida fram til trea vert hogstmodne vert forlenga.** Det er derfor svært viktig å følge opp plantefelta med ungskogpleie i rett tid. Det er eit stort etterslep på ungskogpleie i kommunen.

PROSJEKT SKOGKULTUR 2022-2025

Vindfjord kommune har saman med Tysvær og Haugesund kommunar søkt Statsforvaltaren om tilskot til eit prosjekt med fokus på ungskogpleie og planting. Gjennom prosjektet skal skogeigarar få eit gratis tilbod om nøytral rettleiing med mål om å auke aktiviteten innan skogkultur. Prosjektet er tenkt å starte 1.april 2022 og vare i 3 år.

TILSKOT TIL SKOGKULTUR

Det er gode tilskotsordningar for investering i ny skog, t.d. planting, supplering og ungskogpleie. I tillegg til tilskotet kan du bruke skogfondet ditt til investeringa og få skattefritak på 85% av beløpet du bruker. Ta kontakt med kommunen for meir info eller les meir på <https://www.landbruksdirektoratet.no/nb/skoogbruk>.

FRIVILLIGE TILTAK I LANDBRUKET

Emilie Moi Eikje hadde denne prosjektstillinga for kommunane på Hauglandet (Haugaland Vassområde) fram til utgangen av 2021.

Frå januar 2022 er **Anders Eidhammer** tilsett i denne stillinga med kontorplass i Tysvær. Han skal som Emilie arbeide i alle kommunane under Haugaland Vassområde med frivillige tiltak i landbruket. Det kjem meir informasjon om hans arbeid etter kvart som han kjem godt i gang. I første omgang vil han ta ein ekstra runde for å sjå om det er mogeleg å få med fleire inn i progammet med miljøavtale rundt Skjoldafjorden.

MILJØAVTALE SKJOLDAFJORDEN

Det var i 2020 mogleg å inngå Miljøavtale gjennom RMP for dei føretaka som har dyrka mark i nedslagsfeltet til Skjoldafjorden.

Det er framleis mogleg å bli med på avtalen om det er nokon som ønskjer det. Målet med Miljøavtalen er å redusere avrenning av næringstoff til Skjoldafjorden, særleg fosfor. Vilkåra for å vere med i avtalen er at ein har balansert fosforgjødsling på dyrka mark, har ugjødsla randsone til vassdrag (bekker, elver, vatn) og ikkje spreier husdyrgjødsel etter 10. august på dei areala som er med i avtalen.

Alle landbruksføretak som driv i nedslagsfeltet til Skjoldafjorden i Vindafjord og Tysvær har moglegheit til å inngå Miljøavtale med kommunen. Avtalen gjeld for ein avgrensa periode, totalt seks år. Trinn 1 gjeld for perioden 2020-2022, mens trinn 2 gjeld perioden 2023-2025. Dei som eventuelt blir med frå i år får med seg dei siste 4 åra med avtale.

For å få tilskota, må miljøavtalen vere inngått før vekstsesongen og gjødslinga byrjar gjeldande år. Landbruksføretaket må følgje generelle vilkår for Produksjonstilskot og RMP, samt nokre tilleggspunkt for å ha rett på tilskot.

Vilkår:

- Balansert fosforgjødsling på bakgrunn av jordprøve og gjødselprøve
- Ugjødsla randsone (i tillegg til dagens krav om 2 meter)
 - o Åker: 6 meter brei
 - o Eng: 4 meter brei
- Siste spreiedato, på areal (fulldyrka/overflatedyrka) som inngår i Miljøavtalen, er 10 august.

Frå jordprøvane kan ein sjå kva fosforinnhold (P-AL) ein har på si dyrka mark. Ved gjødsling på jord med **P-AL > 7** skal fosforgjødslinga ikkje overstige følgjande nivå:

Kultur	Øvre grense for bruk av fosfor
Gras	3,0 kg. P/daa
Korn u/halmfjerning	1,4 kg. P/daa

Korn m/halmfjerning	2,0 kg. P/daa
Potet	3,5 kg. P/daa
Kål	2,1 kg. P/daa
Gulrot	3,5 kg. P/daa

- Ved **P-AL > 10** kan ikkje mineralgjødsel med fosfor nyttast for gras. Det kan heller ikkje nyttast slam eller kjøttbeinmjøl.
- Ved **P-AI < 7** kan føretaket gjødsle etter ordinær gjødslingsplan.

KANVEGETASJON LANGS VASSDRAG

Det er glissent, eller manglande kantvegetasjon, langs fleire elvar og bekkar



Eit parti frå Oselva med rik kantvegetasjon

i kommunen. Dette kan påverka livet i bekken eller elva negativt. Det er ønskjeleg at ein prøver å retablere kantvegetasjonen der det er mogleg. I tillegg til å fungere som skjul for fisk, kan røtene frå kantvegetasjon vere med på å hindre utrasing av elvekant, og derfor redusera tap av jord. Eit godt etablert rotssystem, saman med eit tett grasdekke, kan vere med å auke opptak av næringssalt, slik at ein reduserer avrenning til vassdraget.


Nibio har funne ut at med meir enn 5 meters kantvegetasjon på dyrka mark, blir 75% av jordpartiklar, 63% av nitrogenet og 59% av fosforet fanga opp.

Det kan gis tilskot gjennom SMIL til planting av kantvegetasjon langs vassdrag.

NYDyrking

Nydyrking er eit tema som bøndene i Vindafjord absolutt held i hevd. Det kjem jamt med søknadar og det likar me.

Faktisk er Vindafjord kommune ein av dei mest aktive i regionen. Statistikk (Kostratal) i perioden 2010-2019 syner dette. For 2020 og 2021 var tala 319 og 219 da.



I årleg gjennomsnitt frå 2005 til 2019, blei 2 010 dekar av omsøkte 2 250 dekar godkjend nydyrka i Rogaland. Bøndene fekk godkjend 89,3 prosent av arealet dei søkte nydyrking av. Gjennomsnittet for landet i same perioden ligg på 94,2 prosent. Areal som kjem til fråtrekk frå opphavlege søknadar skuldast vurderingar etter nasjonale mål og lovpålagte føringar etter forskrift om nydyrking, vassforskrifta, naturmangfaldlova og kulturminnelova.

Kommunane er førsteinstans i søknadar om nydyrking. Statsforvaltaren følgjer opp statens mål og regelverk regionalt. Vi følgjer difor opp kommunane med informasjon, samlingar og dialog. Vi legg vekt på lik handsaming av søknadar om nydyrking på tvers av kommunegrenser, der miljøverdiar blir målt opp mot driftsmessige behov.

Utdrag av nydyrkingsforskrifta:

Det er framleis forbod mot å nydyrke myr. Med myr meinest areal med myrvegetasjon og minst 30 cm tjukt torvlag.

Kommunen kan i særlege tilfelle gi dispensasjon til nydyrking av myr;

1. når grunneigar mister andre produksjonsareal grunna tap av

leigejord eller ved utbygging i offentleg regi som samferdselstiltak eller liknande,

2. der grunneigars einaste dyrkingsressurs er myr, eller
3. for å ivareta særskilde produksjonar i myr på fjellgrunn.

Dispensasjon etter andre ledd kan berre gis når behovet for tiltaket tilseier at omsynet til natur- og kulturlandskapsverdiane og omsynet til klima må vike. I denne vurderinga skal det leggast vekt på storleiken på myrarealet som skal nydyrkast, omsynet til ei rasjonell arrondering, grunneigars tilgang på andre dyrkingsareal og om det er mogleg å ta i bruk dokumenterte klimagassreduserande dyrkingsmetodar.

Søkjaren må dokumentere at det omsøkte tiltaket er av vesentleg betydning for å oppretthalde drifta.

Langt dei fleste søker om nydyrking av anna areal enn myr og dei fleste søker grunna tap av leigejord eller at dei har auka dyretal siste åra.

Nydyrking er søknadspliktig, som før, og skjema finn dykk på kommunen si heimeside eller ved å ta kontakt med Alf Ole Bull-Tornøe på tlf. 53 65 61 22.

TILSKOTSORDNINGAR

Me ønskjer god tilstand i alle våre vassdrag, og det er fleire tilskotsmoglegheiter om ein har prosjekt som kan gje positiv effekt i vassdraga. Det kan vere tiltak som betrar levevilkåra for arter i elva, tiltak som reduserer faren for utrasing av elvekant og næringsavrenning, eller tiltak for betre gjødselhandtering.

SMIL

SMIL har mindre midlar enn før og førsteprioritet for støtte er forureiningstiltak i landbruket. Under denne gruppa kjem renseparkar og til dels erosjonsførebyggande tiltak.

Vedlikehald av renseparkar kan få tilskot på kroner 15 000,-

Eit anna viktig tiltak er støtte til tak på utvendige gjødsellager. Her er det mogeleg å gi støtte på opp til kroner 100 000,- (maks 35% av kostnad).

Det er fortsatt også opning for tiltak innan tilrettelegging for friluftsliv og i spesielle tilfeller også til «verneverdige» kulturmiljø/bygningiar.

«PIGGFRIE GARDSBRUK 2021» blir vidareført i 2022

-fjerning av gamal piggtråd er eit satsingsområde også dette året
Grunnlaget for prosjektet er dyrevelferdslova frå 01.01.2010.
Det er opna for å gi støtte gjennom SMIL-ordninga til fjerning av gamal piggtråd.
Dette gjeld der ein vil bytte ut gamal piggtråd med piggfri gjerdetråd men også der ein ynskjer å fjerne gamle piggtråd gjerde som ikkje er i bruk.
Det skal nyttast vanleg SMIL-søknad gjennom Altinn også for denne ordninga.
Her er det viktig å kartfeste dei aktuelle områda som skal fjernast/endrast. Det kan godt vera med bilete som dokumenterer behovet. I tillegg må det leggjast fram eit kostnadsoverslag for arbeidet. Som kommune har vi fått nokre retningslinjer for kva kostnader vi kan godta men her må vi vurdere kvar enkelt søknad.
Det skal som alltid søkjast før arbeidet startar for å kunne få støtte.

DRENERING

For drenering har vi dei siste åra ikkje klart å nytta den delen som er tildelt Vindafjord. Her er det berre å søke om støtte for dei som ser for seg grøfting framover. Det er viktig å vera i forkant med søknaden. Det står klart i regelverket vi må følgje at det skal vera søkt før ei startar grøftearbeidet.

Både SMIL og Drenering har digitale søknadsskjema i Altinn.
Kontaktperson Harald Olav Stuhaug

INNOVASJON NORGE

Det er framleis omlegging til lausdrift for små og mellomstore mjølkebruk som er prioritert hjå Innovasjon Norge. Innovasjon Norge har no delt opp dei ulike prioriteringane i ulike søknadsomgangar. Dette fordi «*Usikkerhet knyttet til store kostnadsøkninger både på byggevarer og i innsatsfaktorer i driften har ført til at spesielt melkebøndene trenger å kvalitetssikre sakene sine ekstra. Vi vil derfor gi noe ekstra tid dette året og bruker tiden ut mai til å få inn flest mulig melkeprosjekt.*»

Ulike søknadstyper er delt inn i to ulike bolker, første runde er førsteprioritet. Om det er meir midlar igjen etterpå vil ein kunne prioritere det som er i andre bolken.

Første runde inkluderer:

1. **Løsdriftsfjøs** inntil 30 melkekyr
2. **Gjødsellager.** Fra 2022 inntil 25% tilskudd og maks kr 200 000
3. **Forlager** som reduserer bruken av landbruksplast – tilskudd inntil 20% og maks kr 100 000.
4. **Frukt og grønt.** Store produsenter og de som har fått tilskudd før har lav prioritet
5. **Veksthus prosjekt med enøk- og miljøtiltak hos små og mellomstore produsenter.** Store veksthusprodusenter og de som har fått tilskudd tidligere har lav prioritet.
6. **Løsdriftsfjøs – mellomstore fjøs.** Tilskudd blir beregnet ut fra de første 30 kubåsene.
7. **Generasjonsskifteprosjekt** (under 35 år og maks kostnader på kr 1 500 000) som er i tråd med prioriteringene over. Sau/storfe kan også vurderes under generasjonsskifte.
8. **Landbruksbaserte næringer knyttet til lokalmat og landbruksbasert reiseliv.**

Andre runde har søknadsfrist 1 juni og ingen av desse søknadane vil bli handsame før søknadsfristen har gått ut:

1. **Eksisterende storfeprodusenter** hvor prosjektet gjelder omlegging til løsdrift og tiltak for å bedre dyrevelferden. Større utvidelser og nyetableringer har ikke prioritet.
2. **Omlegging til SPF gris** kan prioriteres som et viktig tiltak innen forbedring av dyrevelferd og dyrehelse. I godkjent kostnadsgrunnlag inngår innslusing av personell/dusjsluse, smittesikker utlastingsfasilitet, ventilasjon/filter, forsegling av golv og inventar. Her

- godkjennes kostnader
på opp til 1 million
kroner og gjelder
derfor tiltak i
eksisterende bygg.*
3. *Andre tiltak innen
veksthusnæringen og
tilleggsnæringen som
ikke er prioritert i
behandlingsrunde 1.*

Kommunen har fått nokre søknader og fleire søknader er på veg. Nokon av dei som fekk avslag grunna lite midlar i fjar vil ein også prøve å søke om midlar til igjen i år. Dersom du har prosjekt som du vil søke om midlar til, så ta kontakt med Signe T. Jensen tlf. 53 65 61 32

Sjøørretprosjektet i Vindafjord – informasjon frå vasskoordinator Sven-Kato Ege


Sjøørretprosjektet i Vindafjord (Vindafjord kommune, Vindafjord Jakt- og Fiskelag og Haugaland vannområde) er allerede i gang med å planlegge og gjennomføre større og mindre tiltak i nye vassdrag i kommunen, etter fjarårets tiltaksgjennomføring. I Passelva (Birkelandsbekken) i Vikebygd planlegger man nå sammen med grunneiere å restaurere/utbedre et lengre parti av bekken, slik at man både sikrer bedre flomhåndtering lokalt og ivaretar det biologiske mangfoldet. I sidebekk til Blikraåna (Blikrabygda) planlegges det å flytte og gjenslynge bekk for å gi bedre vilkår for fisk. I Sørhuselva (Solheim) er det foreslått mange tiltak, som fjerning av vandringshindre, utlegg av gytegrus og stein og planting av kantvegetasjon. Tiltak som er av stor betydning. I tillegg kan det legges til at Vindafjord Jakt- og Fiskelag har et prosjekt gående med å rehabiliterer en sidebekk til Åmselva.

Felles for alle vassdragene som er inkludert i årets tiltaksgjennomføring, er at de i større eller mindre grad er påvirket av jordbruksaktivitet, i form av fysiske inngrep.

Kombinasjonen av arealendringer i nedbørfelt og økt nedbørintensitet, har medført at mange vassdrag ikke er dimensjonert for fremtidens vannføringer. I ubevarte, naturlige vassdrag, løser vassdragene dette ved å danne nye løp. Gir man en bekk og elv rom for «å leve» mer, kan dette ha potensielt store gevinstar med hensyn til håndtering av vann og biologi. Men i jordbruksområder kan dette ofte komme i konflikt med jordbruksinteresser og skjøtsel av jordbruksareal. I vårt arbeid må vi derfor balansere ulike hensyn. Det er avgjerande med god dialog med grunneiere i planleggings- og gjennomføringsfasen, der vi sammen ser på de beste løsningane for å ivareta både biologi og hydrologi, og fortsatt utnyttelse av matjord. Ingen tiltak blir gjennomført utan at grunneigar er samd i taltaket. Som følge av FNs tiår for naturrestaurering 2021-2030 og nasjonalt fokus på restaurering av natur og vassdrag, arbeider sjøørretprosjektet i Vindafjord for å fullfinansiere gode restaureringsprosjekter i kommunen. Tenker du på å åpne og/eller gjenslynge en bekk eller elv, eller ønsker å erstatte mur eller gamle forbygninger med naturlig erosjonssikring, så ta gjerne kontakt med kommunen for en uforpliktende prat/befaring.

Landbruksrådgiver: Harald Olav Stuhaug: 992 36 114 / harald.olav.stuhaug@vindafjord.kommune.no

Vannområdekoordinator Haugaland vannområde: Sven-Kato Ege: 476 75 739 / sven-kato.ege@haugesund.kommune.no



Dette er et nytt bekkeløp som er laget (del 1 gjennomført) i Tysvær

Eining Areal- og forvaltning:

Namn	Hovedoppgåver
	Erle Mæland Aasheim Tlf. 53 65 61 20 e-post: erle.maeland.aasheim@vindafjord.kommune.no
	Signe Theilmann Jensen e-post: signe.theilmann.jensen@vindafjord.kommune.no
	Harald Olav Stuhaug Tlf. 53 65 61 37 / 99 23 61 14 e-post: harald.olav.stuhaug@vindafjord.kommune.no
	Sissel Lilleland Tlf. 53 65 61 30 e-post: sissel.lilleland@vindafjord.kommune.no
	Alf Ole Bull-Tornøe Tlf. 53 65 61 22 e-post: alf.bull@vindafjord.kommune.no
	Anne Karin Langeland Tlf. 53 65 61 38 e-post: anne.karin.langeland@vindafjord.kommune.no
	Gitte P. Halvorsen Tlf. 53 65 61 29 e-post: gitte.halvorsen@vindafjord.kommune.no

Utgjevar: Landbrukskontoret
Redaktør: Sissel Lilleland
Kommunen si heimeside:
www.vindafjord.kommune.no
Tlf. 53 65 65 65



VINDAFJORD KOMMUNE
Eining Areal- og forvaltning
Østbøvegen 2
5585 SANDEID